

Partnerforums frukostmøte 13. juni 2014:

Korleis kjempe mot korrupsjon?

Partnerforum har tidlegare, i ei eiga seminarrekke om etikk, behandla tema omkring varsling. På Partnerforums andre frukostmøte i 2014 vil vi sjå på korleis offentlege verksemder kan fange opp og beskytte seg mot korrupsjon i eigne rekkjer og i samhandling med andre.

På frukostmøtet vil professor *Petter Gottschalk* ved Handelshøyskolen BI presentere ny forskning rundt korrupsjon og gransking av dette. Han peikar m.a. på at granskingsrapportar kan innehalde meir eller mindre grunnlause skuldingar mot enkeltpersonar, som dermed får svarteper utan å kunne forsvare seg.

Det er ikkje gitt at vi har ei felles oppfatning av kva korrupsjon eigentleg er, og kvar grensene for lovbrøt går. Er det rom for skjønn? Konstituert statsadvokat *Guro Hansson Bull* ved Oslo statsadvokatembete vil kaste lys over etiske og juridiske aspekt ved omgrepet korrupsjon.

Dessutan vil spesialrådgivar i Transparency International Norge, *Tor Dølvik*, fortelje om utvikling av verktøy som offentlege verksemder kan bruke for å verne seg mot korrupsjon. Han vil også gi eksempel på samarbeid mellom Transparency International Norge og offentlege verksemder om utvikling av bl.a. interne retningslinjer for nedkjemping av korrupsjon.

Vi håpar på ein spennande diskusjonsrunde siste halvtimen av frukostmøtet.

Tid: Fredag 13. juni, kl. 08.00 – 10.00

Stad: Akersgata 59, auditoriet (R5)

Program

07.40 Registrering og frukostservering

08.00 Velkommen ved Partnerforums sekretariat

08.05 *Svarteperteori – om gransking og bekjempelse av korrupsjon i offentlig forvaltning*
Petter Gottschalk, professor, Institutt for ledelse og organisasjon, Handelshøyskolen BI

08.50 *Hva er korrupsjon?*
Guro Hansson Bull, konstituert statsadvokat, Oslo statsadvokatembete

09.10 *Samarbeidsformer og verktøyutvikling*
Tor Dølvik, spesialrådgivar, Transparency International Norge

09.30 Diskusjon leidd av:
Trygve Olavson Laake, fagdirektør, Direktoratet for forvaltning og IKT

Ca. 10.00 Slutt

For meir informasjon og påmelding, sjå: partnerforum.uio.no



Om bidragsytarane:



Petter Gottschalk har vore administrerande direktør i Statens kantiner, Norsk Informasjonsteknologi, ABB Datakabel og Norsk Regnesentral. Han er utdanna siviløkonom frå Tyskland, har mastergrad frå USA og doktorgrad frå England. Han har forska på politi og kriminalitet i fleire år og blir ofte brukt av media til å kommentere aktuelle saker. Gottschalk er fagansvarleg for “Ledelse og økonomisk kriminalitet” og “Økonomisk kriminalitet – ledelse og samfunnsansvar” på BI. Hans siste bok er *Strategisk gransking*, som kom ut i 2013.



Guro Hansson Bull er konstituert statsadvokat i Oslo statsadvokatembete. Ho har tidlegare arbeidd som politiadvokat i Oslo politidistrikt og vore dommarfullmektig i ca. 2 år på Eidsvoll og i Follo. Bull har i tillegg arbeidd i 8 år i Utanriksdepartementet si rettsavdeling, der ho i hovudsak arbeidde med anti-korrupsjonsspørsmål og EØS-rett. I samband med det var ho leiar for den norske delegasjonen ved FN-forhandlingane om FN-konvensjonen mot korrupsjon, og dessutan leidde ho den norske delegasjonen til OECDs arbeidsgruppe mot smørjing.



Tor Dølvik er statsvitar og jobbar som spesialrådgivar for Transparency International Norge. Han har lang og brei erfaring frå kommunesektoren, som prosjektleiar for ei rekkje utgreiings-, utviklings- og evalueringsprosjekt, både som forskar, konsulent og medarbeidar i Kommunaldepartementet og Oslo kommune. Han har arbeidd i TI-Norge sidan april 2012.



Trygve Olavson Laake er fagdirektør i avdeling for offentlege innkjøp i Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi). Laake er jurist frå UiO, og Licencié spécial en droit européen frå Université Libre de Bruxelles. Han har blant anna jobba som Legal officer i EFTAs overvakingsorgan ESA, og som partner og forretningsadvokat i mange år. Han skreiv kapitlet 'Lovens lange arm' i boka *Verdivalg i hverdagen – Om å holde sin sti ren* (2008). Han har arbeidd med offentlege innkjøp sidan 1986.

Partnerforum er eit samarbeid mellom Universitetet i Oslo, Handelshøyskolen BI og statlege verksemdar. Vi er 22 partnarar som samarbeider om å lage faglege møteplassar om velferdsstatens utfordringar. Partnerforum skipar årleg til ca. 11 fellesarrangement og eitt seminar hjå kvar partnar. I 2013 bidrog 71 innleiarar for 2100 deltakarar.

